

Høyringsnotat om forskriftsutkast om kapasitetsauke i lakse- og aureoppdrett i Finnmark og Troms

1. Innleiing

Fiskeri- og kystdepartementet tek sikte på å gi tilbod om å auke maksimal tillaten biomasse (MTB) for løyve til oppdrett av laks, aure og regnbogeaure i Finnmark og Troms med 5 prosent i 2011. Vi viser til Prop. 1 S Tillegg 2 (2010-2011) som no ligg i Stortinget.

Hovudelementa i høyringsnotatet:

- Etablerte aktørar i Finnmark og Troms vil få tilbod om å utvide kapasiteten (MTB) for matfiskløyve for laks, aure og regnbogeaure med 5 prosent.
- Vederlaget er sett til 150 000 kroner i Finnmark og 500 000 kroner i Troms.

2. Bakgrunn

I regjeringsplattforma Soria Moria 2 står det at regjeringa vil leggje til rette for vekst i havbruksnæringa innanfor berekraftige rammer. Målet er å leggje til rette for ei berekraftig og konkurransekraftig havbruksnæring som kan skape arbeidsplassar og verdiar langs kysten.

13. oktober 2009 vart forskrift om kapasitetsauke i lakse- og aureoppdrettsnæringa i 2010 sendt på høyring. Forslaget gjekk ut på at etablerte oppdrettsaktørar i heile landet skulle få tilbod om å auke MTB for løyve til oppdrett av laks, aure og regnbogeaure med 5 prosent. Enkelte kyst- og fjordområde vart unntakne, fordi ein vekst der ikkje vart vurdert som miljømessig berekraftig. Etter at forslaget var sendt på høyring melde Mattilsynet om ei forverring i lakselussituasjonen langs delar av kysten, og aukande førekommst av nedsett følsemd for lusebehandlingsmidla. På bakgrunn av dette vart det i desember 2009 avgjort at kapasitetsauken i 2010 skulle utsetjast.

Fiskeri- og kystdepartementet og Mattilsynet har følgt utviklinga i lakselussituasjonen nøye. Det er lagt ned eit omfattande arbeid frå næringa si side. Mattilsynet meiner tiltaka som er gjennomførde sidan hausten 2009 på mange måtar har vore effektive. Likevel var talet på lus på landsbasis hausten 2010 på om lag same nivå som på same tid året før. Det er likevel store regionale skilnader i lusenivået på oppdrettsfisk. Det er til dømes omrent ikkje lakslus på oppdrettsfisken i Finnmark og Troms. I haust var nivået i Nordland og Nord-Trøndelag på berre ein tredel av nivået i fjor. Tala var derimot relativt høge frå Sør-Trøndelag til Hordaland. I Rogaland og Agder var nivået i haust betrakteleg lågare enn i fjor.

Utviklinga av resistens er ifølgje Mattilsynet enno ikkje reversert eller under kontroll i delar av landet. Problema er størst i sørlege delar av Nordland, Nord-Trøndelag og Sunnhordland. Det er ikkje meldt om resistensutvikling i Finnmark og Troms.

Lusetala, og særleg dei resistensproblema vi ser i store delar av landet, talar for at generell kapasitetsauke i form av auka MTB ikkje er tilrådleg no i desse områda. I Finnmark og Troms er situasjonen klart annleis enn i resten av landet. Her er lusenivået lågt, og det er ikkje rapportert om resistens mot dagens lusemiddel. Det er Mattilsynet si vurdering at lakselus pga. klimatiske forhold ikkje vil utgjere ein trussel nord og aust for Ullsfjorden i Nord-Troms. Mattilsynet har samstundes vurdert det slik at 5 prosent auke av MTB i Troms ikkje vil utgjere nokon vesentleg risiko med tanke på forverring av lusesituasjonen i dette fylket.

På bakgrunn av Mattilsynet si vurdering av situasjonen meiner regjeringa at den tidligare vedtekne kapasitetsauken på 5 prosent kan gjennomførast på eksisterande løyve i Finnmark og Troms i 2011.

3. Nærare om forslaget

3.1 Auka kapasitet på matfiskløyve for laks, aure og regnbogeaure

Forslaget til forskrift opnar for eit tidsavgrensa høve til å melde si interesse om å utvide kapasiteten for matfiskløyve for laks, aure og regnbogeaure med 5 prosent i Finnmark og Troms. Dette inneber ein auke på 45 tonn MTB per standardløyve på 900 tonn MTB. For løyve med annan storleik er det tale om 5 prosent auke av storleiken på løyvet. Det er ikkje aktuelt å gi kapasitetsauke på meir eller mindre enn 5 prosent. Forslaget gjeld ikkje løyve til matfisk av laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn til særlege formål.

3.2 Tilbod til – og melding frå – oppdrettar

For å sikre at alle innehavarar av løyve til akvakultur med laks, aure og regnbogeaure mottekk tilboden om kapasitetsauke, foreslår departementet i forskriftsutkastet § 3 at Fylkeskommunen kunngjer tilboden i brev til alle innehavarane av matfiskløyve for laks, aure og regnbogeaure i sitt fylke. Kven som er innehavar av akvakulturløyve går fram av akvakulturregisteret. Det går vidare fram av § 3 i forskriftsutkastet korleis tilboden skal kunngjera, og kva tilboden minst skal innehalde.

Selskapa som ønskjer å nytte seg av tilboden skal sende ei melding til Fylkeskommunen om dette. Meldinga frå oppdrettar skal leverast på fastsett skjema, og skal oppfylle krava som er foreslått i forskriftsutkastet § 6 andre ledd. Det blir foreslått i § 4 i forskriftsutkastet at tilboden skal vere tidsavgrensa. Meldingar skal vera fylkeskommunen i hende innan 31. mars 2011, og meldingar som kjem etter fristen vil ikkje bli behandla. Meldinga skal sendast per rekommandert brev.

3.3 Vedtak

I forskriftsutkastet § 7 går det fram at vedtak skal gjerast av tildelingsmyndighetene, det vil seie fylkeskommunane. Dersom meldinga oppfyller krava lista opp i forskriftsutkastet § 6, skal tildelingsmyndighetene godkjenne meldinga og gi kapasitetsauke med 5 prosent.

Det kan klagast på vedtaket. Klaga skal sendast til forvalningsorganet som har gjort vedtaket, jf. forvalningslova § 32, i dette tilfellet Fylkeskommunen. Eventuelle klager blir behandla av Fiskeridirektoratet sentralt.

3.4 Vederlag

Løyve for oppdrett av laks, aure og regnbogeaure blir omsett mellom næringsdrivande mot betaling. Ved vederlagsfrie løyve vil verdien av løyva tilkome den som omset løyva i andre hand - og ikkje fellesskapet. Det er rimeleg at verdien av løyvet i hovudsak går til fellesskapet og ikkje til den som vert tildelt den særretten eit løyve inneber. Dei same omsyna gjeld også når storleiken på løyve blir auka, og kapasitetsauken vil auke omsetningsverdien på løyvet. I alle tildelingsrundar sidan 2002 har det blitt teke vederlag, og dette blir også vidareført i denne omgang.

Vederlaget er sett til 150 000 kroner i Finnmark og 500 000 kroner i Troms. Vederlaget tilkjem staten. Vederlaget skal betalast inn på Fiskeridirektoratets konto før søknaden blir send. Innbetalinga skal vere merka med nummeret på løyvet som søknaden gjeld. Dokumentasjon på innbetalt vederlag skal leggjast ved søknaden. Fiskeridirektoratet skal snarleg etter utløpet av søknadsfristen sende ei oversikt til fylkeskommunane over innkomne innbetalingar.

Grunnlaget for berekning av vederlag er eit ordinært vederlag for nytt standardløyve på 3 mill. kroner i Finnmark og 10 mill. kroner i Troms. Med standardløyve meiner vi i denne samanhengen eit løyve på 900 tonn MTB. For løyve som av ulike årsaker har ein annan storleik enn standardløyva blir vederlaget berekna ut i frå vederlaget på standardløyve, som vist i eksempelet nedanfor. Det skal reknast med to desimalar i multiplikatoren.

Eksempel: Løyve på 1 500 tonn i Finnmark: $1\,500/900$ (standardløyve) = 1,67
Vederlaget blir då $1,67 \times 150\,000$ kroner (standard vederlag) = 250 500 kroner.

3.5 Området for nedkjemping av ILA i Sør-Troms

Området for nedkjemping av ILA i Sør-Troms er avgrensa gjennom forskrift 14. november 2008 nr. 1230 *om kontrollområder for å forebygge, bekjempe og begrense sykdommen infeksiøs lakseanemi (ILA) hos akvakulturdyr, Torsken, Tranøy, Dyrøy, Salangen, Lavangen, Gratangen, Skånland, Ibestad, Harstad, Kvæfjord og Bjarkøy kommuner, Troms*. Denne forskriften avgrensar akvakulturaktiviteten i området, blant anna å setje ut fisk, så lenge Mattilsynet meiner det er naudsynt. Innehavarar av løyve som er knytt til området vil kunne nytte seg av tilbodet om kjøp av auka MTB, men vil ikkje kunne setje ut ny fisk så lenge området er eit område for nedkjemping av ILA, dvs. at auka MTB ikkje gir andre eller nye rettar i det aktuelle området i forhold til ILA-forskrifta.

3.6 Forskrift om særskilde tiltak i enkelte område for akvakulturrelatert aktivitet

Forskrift 13. oktober nr. 1267 *om særskilte tiltak i enkelte områder for akvakulturrelatert virksomhet* vart fastsett og tredde i kraft 13. oktober 2009. Formålet var å hindre flytting av produksjonskapasitet inn i områda som ikkje ville få kapasitetsauke i 2010 i forskriftena

som vart send på høyring same dagen. Dei aktuelle unntaksområda som er omfatta av forskrifta vart valde ut på bakgrunn av ei vurdering gjennomført av Fiskeridirektoratet m.fl. sommaren 2009. Fordi det ikkje blir nokon kapasitetsauke i fylka sør for Troms no, ser vi ikkje lenger grunn til å ”fryse” produksjonskapasiteten i desse områda. Området for nedkjemping av ILA i Sør-Troms er avgrensa gjennom eigen forskrift, jf. avsnitt 3.5.

Departementet foreslår derfor å oppheve forskrift 13. oktober nr. 1267 *om særskilte tiltak i enkelte områder for akvakulturrelatert virksomhet*. Når det gjeld Sunnhordland og Midthordland vidareførast tiltaka i ny forskrift som ein del av dei særskilde forvaltningstiltaka i området.

3.7 Særskild om berekning av fristar

Fiskeri- og kystdepartementet har ikkje foreslått å ta reglar om berekning av fristar inn i forslaget. Departementet legg likevel opp til at reglane i domstolslova §§ 146 og 149 kjem til bruk så langt dei passar dersom det skulle oppstå tvil rundt berekninga av fristar, jf. forskriftsutkastet § 4.

3.8 Endring i laksetildelingsforskrifta

Kapasitetsauken inneber at den maksimale tillatne biomassen per løyve aukar utover 900 tonn MTB i Finnmark og Troms. Laksetildelingsforskrifta § 15 seier i dag at eit løyve til akvakultur i sjøvatn blir avgrensa til ein biomasse på inntil 780/900 tonn MTB. Vi foreslår derfor at laksetildelingsforskrifta § 15 blir endra slik at det går fram at eit løyve kan ha ei anna avgrensing enn dette, men at 780/900 tonn MTB framleis utgjer ein standard storlek på løyve.

4. Økonomiske og administrative konsekvensar

For forvaltninga

Forslaget vil gi fylkeskommunane, Fiskeridirektoratet og Mattilsynet m. fl. arbeidsoppgåver knytte til saksbehandling, utskriving av nye løyve, godkjenning av endra og nye driftsplanar og kontroll- og tilsynsarbeid.

Kapasitetsauken vil i stor grad kunne skje på allereie godkjende lokalitetar. Ved klarering av nye lokalitetar vil også andre offentlege etatar bli involverte, medrekna Kystverket, Fylkesmannen og dei aktuelle kommunane. Dei nødvendige ressursane til dette må prioriterast innanfor eksisterande rammer.

For næringa

For næringa vil dei økonomiske konsekvensane vere knytte til innbetaling av vederlag. Auka produksjonskapasitet vil bety høve for auka produksjon og auka inntening. Dei som ønskjer å nytte seg av tilbodet vil få oppgåver knytte til prosessen.